

Sak 4: Søknad om å delta i forsøkskommuneordninga om vertskommunesamarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar

Forslag til vedtak:

1. Kommunearkivordninga i Vestland ønskjer å delta i forsøksordning om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivåa, med Vestland fylkeskommune som vertskommune, på fagområdet eldre og avslutta arkiv.
2. Vertskommunesamarbeidet skal i forsøksperioden erstatte det kommunale oppgåvefellesskapet, *Kommunearkivordninga i Vestland KO*, og den organisatoriske endringa vil ikkje endre dei økonomiske rammene eller tenestetilbodet til kommunane.
3. Kommunearkivordninga i Vestland stiller seg positive til å søke Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) om å delta i forsøkskommuneordninga i inntil fire år.

Samandrag

Kommunane i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har hatt eit godt arkivsamarbeid i snart 40 år. Noko av årsaka til suksessen er at kommunearkivordninga har vore fleksibel og justert seg etter kvart som nye behov har oppstått i kommunane.

I seinare tid har dokumentasjonsmengda auka kraftig. Frekvensen av omorganiseringar har vore hyppigare. Kommunane blir meir og meir ulike og som ein konsekvens av det, er også behova ulike. Ei forsterkande kraft har også vore paradigmeskiftet frå det analoge til det digitale.

Eit rigid regelverk knytt til dokumentasjonshandtering, kombinert med strenge krav til organisasjonsform, gjer oss mindre effektive. Vi kan ikkje gjere noko med stadig skiftande regelverk, men gjennom forsøkskommuneordninga kan vi prøve ut ei enklare og meir treffsikker organisering. Effektivisering vil sikre at vi framleis kan tilby gode tenester innanfor eksisterande rammer, og samtidig ruste oss for omstilling og eventuelle nye behov som vil kunne dukke opp for kommunane i framtida.

Vertskommunesamarbeid er ei veletablert samarbeidsform innanfor kommunal sektor. I dag opnar ikkje lovverket for vertskommunesamarbeid på tvers av forvaltningsnivå, då vertskommunesamarbeid er innretta mot å løyse lovpålagde oppgåver, som typisk er lagt av lovgivar til eit bestemt forvaltningsnivå.

Når det gjeld eldre og avslutta arkiv er lova lik for kommunar og fylkeskommunar. Ein fylkeskommune og kommunar bør difor kunne samarbeide om å sikre at arkiva innanfor eit geografisk område vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føreseger.

Vertskommunesamarbeid er, i følge regjeringa, eigna for oppgåver som krev spesialisert kompetanse og kan bidra til større og meir berekraftige einingar. Dette passar godt med samarbeidet om arkivfagleg kompetanse og tenester som kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane og fylkeskommunen har hatt sidan 1985.

Den viktigaste fordelten ved å gå frå å vere eit KO til å bli eit vertskommunesamarbeid er:

1. Meir effektiv administrasjon

Ut over dette vi endringa kunne ha positive påverknader i form av:

2. Mindre rollekonflikt
3. Tydelegare rammer for tilsette
4. Tettare samarbeid mellom dei arkivfaglege miljøa

Ved å gjennomføre eit fireårig forsøk vil medlemmene i KAV kunne teste ut om vertskommunesamarbeid er den beste forma for samarbeid på fagområdet eldre og avslutta arkiv.

Eit slikt forsøk vil også kunne ha overføringsverdi både til andre fylke og til andre samarbeidsområde.

Dersom dette forsøket skal bli noko av må alle kommunane i KAV stille seg bak søknaden om å delta i forsøksordninga. Søknad og lokal forsøksforskrift må godkjennast i alle kommunestyra før den kan sendast til KDD.

Saksutgreiing

Motivasjon for å delta i forsøket

1. Meir effektiv administrasjon

I eit vertskommunesamarbeid vil dei gjeldande økonomiske rammene vidareførast, men i løpet av forsøksperioden har vi som mål å sjå konkrete innsparingar i administrasjonskostnader.

I eit vertskommunesamarbeid vil ein ikkje lenger ha behov for eit styre og eit representantskap, ein treng ikkje ha ein eigen dagleg leiar, ein må ikkje vere registrert i Brønnøysundsregisteret, og ein vil ikkje trenge eige rekneskap og eigen revisjon. Alt dette vil spare kommunane og fylkeskommunen tid og ressursar som i første omgang vil gå til å styrke og forbetre våre tenester for kommunane.

2. Mindre rollekonflikt

Den administrative leiinga i KAV svarer både til administrativ og politisk leiing gjennom tilsettforholdet i Vestland fylkeskommunen, og til kommunane i oppgåvefellesskapet ved styret og representantskapet. I saker der dette er eit problem finn ein sjølvstøtt løysingar, men i det daglege skapar det unødvendig organisatorisk uro.

3. Tydelegare rammer for tilsette

Dei som utfører arbeidet for kommunane i KAV er tilsett i og stilt til disposisjon av seksjon arkiv i Vestland fylkeskommune. Dette er regulert i samarbeidsavtale. Denne ordninga medfører at dei tilsette både er del av eit arkivfagleg miljø i fylkeskommunen og underlagt fylkeskommunale rammer og retningslinjer, men samtidig jobbar for kommunane i KO-et. Jobben dei tilsette i KAV gjer er for kommunane, men rollene vi har er meir komplekse.

4. Tettare samarbeid mellom dei arkivfaglege miljøa

KAV er organisert som ein del av seksjon arkiv, i avdeling for kultur og folkehelse, saman med fageininga Ikkje offentlege arkiv (IOA). Til saman har seksjonen over 20 arkivfagleg tilsette med kompetanse på private og offentlege, analoge og digitale arkiv. Dette er eit viktig fagmiljø som vi ønskjer å styrke på best mogeleg måte.

Konsekvensar for kommunane

Konsekvensane for kommunen er skildra over, særskilt i punktet meir effektiv administrasjon. Det er ikkje sikkert konsekvensane for kommunen vert særleg merkbare, men skal vi oppretthalde den kvaliteten og den effektiviteten vi har hatt til nå, må vi gjere ei forenkling i måten vi organiserer ordninga på. Ikkje minst er dette viktig for at vi skal bli tilpassingsdyktige, for å kunne møte nye behov som vil kunne dukke opp for kommunane i framtida.

Eit vertskommunesamarbeid vil ikkje medføre endring i råderetten over arkivmaterialet. Endra organisasjonsform vil ikkje føre til endringar i oppgåver, tenester eller grunnleggjande vilkår for desse. Målet er tvert om å vidareføre det gode samarbeidet men på ein meir effektiv måte. KAV vil halde fram å gjere dei same oppgåvene for kommunane.

Vertskommunen har økonomisk ansvar for samarbeidet, og alt som har med kompensasjon å gjere skal nedfellast i samarbeidsavtalen kvar kommune har med vertskommunen. Modellen med kontingent og depot til kostpris er tenkt vidareført.

Arkivverket skriv i ein av sine rettleiarar om det å setje ut arkivoppgåver til eksterne:

Dere kan delegere konkrete oppgaver og myndighet for alle fasene i arkivets livsløp, men dere kan aldri delegere selve ansvaret ut av virksomheten.¹

Prosess

Dersom representantskapet stiller seg bak forslaget til vedtak så er dette dei neste stega i prosessen:

1. Administrasjonen i KAV og VLFK utarbeider høringsbrev og utkast til forsøksforskrift og sender dette på høyring til alle involverte partar.
2. Administrasjonen i KAV og VLFK ferdigstiller endeleg søknad til KDD og forsøksforskrift etter høringsfristen.
3. Søknad og forsøksforskrift vert sendt til vedtak i 18 kommunestyre og fylkestinget.
4. Dersom alle partane stiller seg bak sender vi i fellesskap søknad til KDD om å delta i forsøkskommuneordninga i inntil fire år.
5. Dersom vi får positivt svar på søknad til KDD, og går inn i ein forsøksperiode, så skal administrasjonen i KAV og VLFK i lag med samarbeidskommunane utarbeide samarbeidsavtalar som erstattar dagens vedtekter/samarbeidsavtalar.
6. Kommunestyra vedtek samarbeidsavtalar, delegeringsinstruks og vedtek samtidig å oppheve oppgåvefellesskapet i forsøksperioden.
7. Etter at forsøksperioden er ferdig vil ein av to ting skje: Enten vert lova endra slik at vi kan halde fram med den nye organisasjonsmodellen, eller så går vi tilbake til å vere eit KO.

¹ [Veileder for dokumentasjon av arkivansvar - Arkivverket](#)